

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kent Tur Amundsen	FA-C22	23/309

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
059/2023	Kommunestyret	PS	19.10.2023

Forankring av prosjektplan for friluftslivets ferdselsårer

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har invitert kommunane til å delta i eit nasjonalt prosjekt for utarbeiding av ein plan for friluftslivets ferdselsårer, som mellom anna skal betre turveggar, turstiar, turløyper og turløyd i kommunane. Prosjektet er forankra i klima- og miljødepartementet sin Handlingsplan for friluftsliv (2018) og skal betre kunnskapsgrunnlaget for forvaltning og planlegging.

I Modalen kommune sin kulturplan vedtatt i september 2020, står det blant anna følgjande mål: «Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område» Me ønskjer å kartleggja eksisterande nettverk av ferdselsårer, samt finne ut kva som trengs av vedlikehald.

Me vil følgje dette opp med å utarbeide ein plan for friluftslivets ferdselsårer. Dette arbeidet må forankrast politisk, og kan gjerast gjennom vedtak i kommunestyret eller det politiske utvalet som har ansvar for fagfeltet.

Finansiering:

Utgifter

Arbeid med prosjektplan, forankring og rekruttering kr. 25 000.-

Medverknadsprosess kr. 25 000.-

Annonsering og høyring	kr. 10 000.-
Kartlegging av no-situasjon	kr. 60 000.-
Sum	kr. 120 000.-

Inntekt

Fylkeskommunalt tilskot	kr. 60 000.-
Eige arbeid	kr. 60 000.-
Sum	kr. 120 000.-

Vurdering

For at kommunen sine ferdselsveger skal brukast av befolkninga, må desse vedlikehaldast. Då treng me kartlegging.

Konklusjon

Kommunestyret vedtek at me kan setja i gang prosjektet med å utarbeida ein plan for ferdselsårene ved friluftslivet i Modalen kommune.

Kommunestyret - 059/2023

KS - behandling:

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer.

Vedlegg:
Prosjektplan